



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2166 - 21/72399

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
01.11.2021

## **Oversender klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppretting av ny grunneigedom med etablert våningshus, eldre SEFRAK registrert hus og naustetomt til klagevurdering - gbnr 443/11 Toska**

### **Saksopplysningar**

Eigedom: Gbnr 443/11  
Adresse: Toskavegen 504, 5936 Manger  
Tinglyst eigar: Frank Kvammen og Kari Heggenes Kvammen  
Reell eigar og tiltakshavar: Kristoffer Toska iht. kjøpekontrakt og erklæring frå heimelshavar  
Klagar: Kristoffer Toska representert av Advokatfirma Høgseth

### **Saka gjeld**

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 21/2166, datert 01.07.2021, om avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggeforbodet i 100-meters beltet mot sjø samt søknad om oppretting av bustadtomt på om lag 1800m<sup>2</sup> med etablert våningshus og opparbeida hage, eldre SEFRAK registrert hus og naustetomt – gbnr 443/11 Toska.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 13.10.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 01.07.2021 vart gjort om og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

#### **«APM- 150/21 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-formålet for frådelling av omsøkt bustadtomt med tilhøyrande naustetomt på om lag 1 800 m<sup>2</sup> frå gbnr 443/11 .

Med heimel i pbl § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til frådelling av bustadtomt med tilhøyrande naustetomt på omlag 1800m<sup>2</sup> frå gbnr 443/11.

Grunngjevinga for vedtaket er følgjande punkt:

- Den omsøkte eigendomen ligg på hovudbruket sitt nordvestre hjørne, og difor heilt i utkanten av bruket, og ikke «midt i tunet». Frådelinga vil difor ikkje medføra til oppsplitting av landbruksområdet.
- Den nye og moderne driftsbygningen på bruket ligg i god avstand til omsøkt eigedom ved (Toskavegen 494), og den gamle driftsbygningen har minimal drift. Det er difor ikkje pårekeleg med vesentlege ulemper knytt til lukt og støy frå gardsdrifta eller i høve tilkomsten til eigedomen.
- Bygningane (bustaden og naustet) er disponert av han som hadde bruket tidlegare, jmf. orientering som er vedlagt søknaden.
- På eigedomen er det to eldre bygningar av kulturhistoriske kvalitetar frå 1600- talet (gamlastova) og tidleg 1800 talet (naust). Vert det gjeve delingsløyve vil det vera lettare å bruka meir midlar og innsats på restaurering av desse to bygningane.
- Dyrka mark vert ikkje omdisponert ved ei frådeling.
- Tidlegare eigar av bruket bur i bustaden på den omsøkte eigedomen, og ei frådeling vil sikra nærleiken til heimegarden og barndomsheimen for han og andre i familien.
- Det ligg føre gyldig vedtak om frådeling etter jordlova etter vedtak i utval for areal, plan og miljø den 11.03.2020, sak 041/20.

Etter ei samla vurdering meiner APM-utvalet at fordelane ved å gje dispensasjon frå LNF føremålet for omsøkt deling er klart større enn ulempene, og at reglane som ligg bak LNF-føremålet i liten grad vert råka av omsøkt tiltak"

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppretting av ny grunneigedom med

**Vedlegg:**

etablert våningshus, eldre SEFRAK registrert hus og naustetomt - gbnr 443/11 Toska

Uttale - Alver - 443/11 - Toska - deling - dispensasjon

Klage på avslag om frådelling etter jordlova - gbnr. 443/11 Toska

Uttale - dispensasjon (L)(312487)

Søknad om dispensasjon for frådelling - gbnr 443/11 Toska

Vedlegg 1 - Tidligere godkjent vedtak

Vedlegg 2 Fullmakt

Vedlegg 3 Kart

Vedlegg 4 Erklæring

Vedlegg 5 Kjøpekontrakt

Søknad om oppretting av ny eigeendom - gbnr 443/11 Toska

Situasjonskart

Melding om vedtak - brev frå Alver kommune

Erklæring om rett til fast eigeendom

Klage på vedtak - Deling av eiendom - gbnr 443/11 Toska

Avslag på søknad om dispensasjon og løyve til deling - gbnr 443/11 Toska

Situasjonskart

Uttale - Alver - 443/11 - Toska - deling - dispensasjon

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Høgseth DA	Littleåsvegen 41	5132	NYBORG
Advokatfirmaet Høgseth DA	Littleåsvegen 41	5132	NYBORG
Kari Heggenes Kvammen	Toskavegen 492	5936	MANGER
Kari Heggenes Kvammen	Toskavegen 492	5936	MANGER
Kristoffer Toska	Toskavegen 504	5936	MANGER
Kristoffer Toska	Toskavegen 504	5936	MANGER

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------